

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden/Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/5093-5

Eigarmelding 2016

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkludert:
 - A. Nye formuleringar i kapittel 1.3 Kriterium for å gå inn – og bli sitjande – som eigar i selskap/ opprettar av stiftingar
 - B. Ny formulering kapittel 1.6 vurderingar ved avvikling av engasjement
 - C. Oppdatert kapittel 1.8.1 om samfunnsansvar, miljø og etikk
 - D. Nytt kapittel 2.6 om retningsliner for eigardialog
2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einskilde selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):
 - A. Inntil anna ev. vert bestemt - vidareføre eigarskapen i fylgjande selskap: F1 Holding AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Lutelandet Utvikling, Opplæringsfartøy AS, Kommunekraft AS, Interoperabilitetstjenester AS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, KLP, samt dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.
 - B. For dei andre selskapa syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4, samt fylkestinget sitt vedtak i sak 30/16 (sal av Fjord1-askjar).

Vedlegg:

- Eigarmeldinga 2016 – Fylkeskommunalt eigarskap i selskap

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Norsk anbefaling for eigarstyring og selskapsleiingⁱ
- Regjeringa si eigarpolitikk 2015ⁱⁱ
- Meld. St. 27 (2013-2014) Et mangfoldig og verdiskapende eierskapⁱⁱⁱ

ⁱ <http://www.nues.no/filestore/Dokumenter/Anbefalingene/2012/Norskberiktiget.pdf>

ⁱⁱ https://www.regjeringen.no/contentassets/aa278c06b8bf467e24fa22314d7b02/regjeringenseierpolitikk_2015_v20.pdf

ⁱⁱⁱ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Meld-St-27-20132014/id763968/>

SAKSFRAMSTILLING

0. Habilitet

Fylkestinget må ta stilling til om representantane er habile til å ta del i handsaminga av det enkelte selskap. I vurderinga er det m.a. relevant om representanten er medlem av styret i selskapet. Dei representantane som vert vurdert ugilde til å legge til rette og fatte avgjerd i høve eit enkelt selskap, kan ikkje ta del i drøftinga og avrøysting om det selskapet. Desse representantane kan delta i den generelle debatten i saka og handsaming av andre selskap.

Rutinen ved handsaming av eigarmeldinga i fylkesutvalet og fylkestinget er at det vert stemt over kvar enkelt tilråding med tanke på fortsatt eigarskap for kvart enkelt selskap, slik at folkevalde som er ugilde ovanfor eitt selskap, har høve til å ta del i avgjerder som rettar seg mot andre selskap, jf. eigarmeldinga punkt 2.2.2.

1. Samandrag

Dette er niande gongen fylkestinget får seg førelagt ei melding om fylkeskommunalt eigarskap i selskap. Første gongen var i fylkestinget i desember 2008 i sak 38/08.

Framlegg til eigarmelding 2016 har teke omsyn til fylkestinget sine tidlegare vedtak, samt andre vedtak om fylkeskommunal eigarutøving sidan sist eigarmelding vart vedteke.

Del I av eigarmeldinga omhandlar eigarpolitikk med synspunkt og vurderingar av mellom anna mål for fylkeskommunal eigarskap, prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar, etikk, reglar og rutinar for korleis utøve fylkeskommunal eigarskap, rollefordeling, samt habilitet.

Del II av eigarmeldinga har omtale av kvart selskap som fylkeskommunen har eigarskap i og ei vurdering av om fylkeskommunen bør halde fram som eigar. Det er også utarbeidd ei oversikt over stiftingar der fylkeskommunen er stiftar/medstiftar.

2. Vedtak om eigarmelding 2015 – fylkestingssak 38/15

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkl. mål for eigarskapen, jf. vedlegg 1, del I, pkt. 1.2, med slike tillegg:

A. Nytt punkt i kapittel 1.6 vurderingar ved avvikling av engasjement:.

«Dersom det er sannsynleg at andre eigarar er betre eigna til å utvikle selskapet vidare.»

B. Nytt punkt i kapittel 1.8.1 om samfunnsansvar og etikk:

«Arbeider aktivt med rekruttering ved å ta inn lærlingar»

2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einskilde selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.

3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):

a. Inntil anna eventuelt vert bestemt - vidareføre eigarskapen i følgjande selskap: F1 Holding AS, Fjord1 AS (gjennom eigarskapen i F1 Holding AS), Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Lutelandet Utvikling, Opplæringsfartøy AS, Kommunekraft AS, Interoperabilitetstjenester AS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, samt dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.

b. For dei andre selskapa syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4.

3. Oppfølging av fylkestinget sitt vedtak

Status bustadstiftingane

Sjå eiga sak lagt fram for fylkestinget på møte 18. oktober 2016.

Status for selskap der fylkestinget i 2014 vedtok å starte prosess for å avvikle eigarskapen.

Luna Industri AS

Luna Mineral AS kjøpte fylkeskommunen sine aksjar i november 2014. Fylkeskommunen fekk 110 000 kr for aksjane.

Botnaneset Industriselskap AS

Fylkeskommunen sin aksje i selskapet er seld, jf. FU-sak 7/16. Sjå også notat til FU-møte 13. april 2016 om forkjøpsretten til aksjen. Aksjen vart seld til Flora kommune for 195 500 kr.

Firda Billag AS

Løypemeldingar er gjeve fylkesutvalet i møte 30. september 2015, sak 97/15, samt i møte 4. mai, sak 40/16.

Det har gått to år sidan fylkestinget sitt vedtak om å starte prosess for å avvikle eigarskap. Fylkesrådmannen oppfatta at det var gjeve aksept frå fylkesutvalet om at saka om fellessal ikkje vart teke opp med andre eigarar før ved generalforsamlinga våren 2016, sidan ein ikkje fekk tid til å gjennomføre naudsynt forarbeid i forkant av den ordinære generalforsamlinga våren 2015. Dette kan forklare kvifor prosessen har teke tid.

Den 25. mai 2016 vart det gjennomført eit eigarmøte med dei andre aksjonærane i selskapet for å diskutere moglegheita for ein felles salsprosess, og om det var andre aksjonærar som var interessert i å kjøpe aksjar. I etterkant av møtet følgde fylkeskommunen opp med eit brev til aksjonærane med høve til å melde seg på ei felles verdivurdering av selskapet. Per tidspunkt er det berre éin aksjonær som har meldt attende at dei ynskjer å selje. Selskapet sjølv har fått fullmakt til å kjøpe aksjar, og dersom attendemeldingane frå dei andre aksjonærane tilseier at det ikkje er aktuelt med eit felles sal av ein større eigarpost, vil fylkesrådmannen vurdere å gå i direkte forhandlingar med selskapet.

Njøs Næringsutvikling AS

Fylkeskommunen har vore i kontakt med dei andre aksjonærane i selskapet angående salet av aksjane. Alle aksjonærane har meldt attende at dei ikkje er interesserte i å kjøpe. Fylkeskommunen har difor bede styret om hjelp til å finne aktuelle kjøparar til aksjeposten. Styreleiar her meldt attende at styret vil forsøke å finne ny(e) eigar(ar). Fylkeskommunen ventar attendemelding frå styret i løpet av hausten.

Norsk Fjordhestsenter AS

Det har vist seg vanskeleg å få selt fylkeskommunen sine aksjar i selskapet. Fylkeskommunen har kontakta dei to andre aksjonærane i selskapet, men ingen melde attende at dei var interesserte i å kjøpe aksjane. Fylkesrådmannen vil kome attende til fylkesutvalet med ei meir utfyllande løypemelding med forslag til vidare handlingsalternativ i prosessen.

Sal av Fjord1-aksjar

Fylkestinget har i august 2016 i FT-sak 30/16 vedteke å selje F1 Holding sine aksjar i Fjord1 til Havliafjord AS, den andre aksjonæren i Fjord1 as. Salet skjer trinnvis med sal av 26 % av Fjord1 aksjane no og seinare opsjon (put and call) på dei siste 33 % innan mars 2019.

4. Med grunnlag i dei vedtekne formåla for fylkeskommunal eigar - skap gjer fylkesrådmannen framlegg om at fylkeskommunen inntil anna ev. vert bestemt skal eige aksjar/andelar i følgjande selskap:

F1 Holding AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS,

Opplæringsfartøy AS, Kommunekraft AS, Interoperabilitetstjenester AS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, KLP, samt dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.

Særleg om Lutelandet Utvikling AS og Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Når eg la fram eigarmelding 2014, var mi tilråding å starte ein prosess for å avvikle eigarskapen i desse to selskapa. I handsaminga av meldinga vedtok FT å vidareføre eigarskapen i begge.

Spørsmålet om eigarskap i desse selskapa vart ikkje drøfta særskilt ved handsaminga av eigarmeldinga 2015.

For Gulen og Masfjorden AS (GMU) sin del er dette eit selskap med formål å legge til rette for auke næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden. Dette kan tale for at fylkeskommunale eigarskap er formålstenleg, då eitt av fylkeskommunen sitt formål med eigarskap er å vere ein regional utviklingsaktør. Formålet er på den andre sida avgrensa til éin kommune i fylket og éin kommune i nabofylket, Hordaland. Det at selskapet sitt geografiske verkeområde er avgrensa, kan tale for at det ikkje oppfyller det aktuelle fylkeskommunale formålet med eigarskap. Endeleg må det trekkast fram at arbeider selskapet arbeider mot det mål å få gass til Gulen, eit arbeid som kan slå positivt ut for ein større del av regionen viss målet vert realisert.

Selskapet har god økonomi. Eg viser her til opplyste nøkkeltal og vurderingar av økonomisk utvikling i del II av eigarmeldinga. Selskapet har utvikla seg positivt og eg vurderer at selskapet vil kunne vere sjølvgåande utan fylkeskommunalt eigarskap. Det er såleis ikkje andre grunnar som tilseier fylkeskommunalt eigarskap i selskapet.

Det kan tenkast at dei andre aksjonærane i selskapet er betre eigna til å utvikle selskapet vidare dersom dei kan overta aksjeposten til fylkeskommunen. Alternativet er å få inn andre lokale investorar som dreg i same retning som dei andre aksjonærane. For selskapet sin del vil det vere positivt å ha aktive eigarar som har klare mål og forventningar til selskapet og verksemda. Ved å samle eigarskapen lokalt, aukar sannsynet for at det skjer.

Som antyda vil det vere naturleg å rette seg mot dei andre aksjonærane i selskapet for å undersøke interessa for kjøp av fylkeskommunen sin aksjepost. Alternativ må vi vurdere marknaden, fortrinnsvis om det er lokale investorar som er interessert. Det vert ikkje gjort slike undersøkingar før eit eventuelt positivt vedtak i fylkestinget.

Når det gjeld Lutelandet Utvikling AS (LU) er stillinga mykje den same som for GMU.

Eigarskapen vår er historisk betinga og vart etablert som eit ikkje-skattepliktig selskap for å unngå at tilskotet (Gjøa-midlane) på om lag 46 MNOK vart skattepliktige.

Fylkeskommunen eig 48 % av aksjane i Lutelandet Utvikling AS (LU). LU er eit utviklingsselskap som har som siktemål å arbeide for utnytting av Lutelandet til industriformål. Selskapet skal drive ideell, ikkje - kommersiell verksemd utan profitt som mål. LU eig Lutelandet Eigedom AS (LE), som igjen eig industrigrunnen på Lutelandet samt den eine kaia. LE leiger ut området gjennom ein feste - og i eige avtale. Private aktørar er no etablerte på området. LU meiner difor det er «naturleg å arbeide meir med infrastruktur, leverandørutvikling og tilbod på og rundt Lutelandet for å gjere industrien der til den motoren for utviklinga av regionen som heile tida har vore Lutelandet Utvikling sin visjon». LU har som følgje av dette omorganisert verksemda si det siste året. På denne bakgrunn har LU skipa dotterselskapet HAFS Utvikling AS (HU). Formålet er at dotterselskapet skal overta LU si rolle som næringsutviklingsselskap, og utvide verkeområdet til heile HAFS-regionen. I tillegg skal det nye dotterselskapet utføre oppgåver som normalt ligg til den kommunale førstelinetenesta for næringsutvikling for HAFS-kommunane (utanom Gulen). I den samanheng syner eg til at fylkesutvalet har handsama saker knytt til denne opprettinga i sak 72/15, 99/15 og 6/16.

Sjølve selskapet har leigeinntekter som einaste inntektskjelde per dags dato. Industriområdet til Lutelandet Eigedom er leigd og festa bort til LLOF Site & Dry Dock AS, noko som sikrar aktivitet på området over tid. Driftsinntektene har vore mindre i 2015, samanlikna med 2014. Mi vurdering er likevel at selskapet går godt, sjå nøkkeltal om selskapet sin økonomi i del II av den vedlagte eigarmeldinga. Mi vurdering er at selskapet ikkje er avhengig av å ha fylkeskommunen med som

eigar. Det må vere rett å seie at selskapet har utvikla seg positivt og vil vere sjølvgåande utan fylkeskommunalt eigarskap.

Til liks med GMU er LU sitt geografiske verkeområde avgrensa, noko som kan tale for at fylkeskommunen sitt mål om å vere ein regional utviklingsaktør ikkje kan seiast å vere innfridd i dette tilfellet. På den andre sida kan det fort bli ei for snever vurdering av kva regional verknad aktiviteten på Lutelandet vil ha på sikt. Som nemnd ovanfor, vil dotterselskapet til LU, HAFS Utvikling, sitt verkeområde omfatte heile HAFS-regionen.

Eg er i tvil om kor vidt det er formålstenleg å vidareføre eigarskapen i desse to selskapa. I og med at administrasjonen framleis held på å effektivere avvikling av eigarskap i tre av fire selskap etter vedtaket om eigarmelding 2014, og på den måten ikkje er i mål med dette politiske vedtaket, har eg valt å oppretthalde tilrådinga om vidareføring av eigarskap. Fylkestinget har høve til å bestemme det motsette.

Ei ev. verdisetjing av fylkeskommunen sine aksjepostar i desse to selskapa må i tilfelle gjennomførast. For LU sin del vil verdisetjinga av aksjeposten og forventa salssum ikkje nødvendigvis stemme overeins på grunn av dei store underliggende verdiane i selskapet som vanskeleg let seg realisere.

5. Andre endringar i eigarmeldinga

Endringar i del I:

Det er gjort mindre endringar i eigarmeldinga del I. Endringane går i hovudsak ut på at eksisterande tekst har blitt flytta frå eitt punkt til eit anna. Målet har vore å lage ei betre oversikt og samanstilling av rutinar og retningslinjer for fylkeskommunale eigarutøving.

Av endringar vil eg mellom anna trekke fram:

Punkt **1.9.3** Konsekvensar av siste års vedtak er fjerna. Bakgrunnen for dette er at eventuelle konsekvensar av siste års vedtak vil gå fram av saksframstillinga til eigarmeldinga, gjennom endringar i eigarmeldinga sin eigarpolitikk eller løypemeldingar gjeve til fylkesutvalet.

Tekst i punkt **2.4.3** og punkt **2.5.2** er flytta til punkt **3.2.1** om fylkesutvalet si rolle. Punktet har fått nytt namn: Fylkestinget, fylkesutvalet og hovudutvala si rolle.

Punkt **2.4.1** og **2.4.2** har bytta rekkefølge.

Punkt **2.5.2** har fått nytt namn: Prosedyrar for val av styremedlemmar.

Kapittel **3.5** har fått nye punktinnendingar som handlar om rutinar ved innkalling til generalforsamling/representantskap og rutinar i forkant av møte ei operative eigarorgan.

Selskapskontroll 2016 – Eigarskapskontroll Fjord – FT-sak 29/16 pkt. 3 og 4:

3. Fylkestinget meiner at direkte påverknad av styremedlemmar i Fjord1 ikkje er i samsvar med den vedtekne eigarmeldinga. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utgreie konkrete retningslinjer for eigarutøving mellom generalforsamlingar, og at dette vert vurdert i samband med handsaming av eigarmeldinga.

4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge til rette for opplæring og styrka kompetanse for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap.

Eigarutøving mellom generalforsamlingar:

Vedtaket i fylkestinget kom i forbindelse med gjennomført selskapskontroll, der målet var å kontrollere fylkeskommunen si utøving av eigaroppfølging opp mot lovar og reglar og opp mot fylkeskommunen si eigarmelding, med vedtekne retningslinjer for eigaroppfølging.

Kva seier eigarmeldinga 2015 om eigarutøving mellom generalforsamlingar

Eigarmeldinga 2015 gjev uttrykk for fylkestinget sin eigarpolitikk. I følgje 2015-eigarmeldinga punkt 3.8 er eigarrepresentanten sitt ansvar å opptre på fylkeskommunen sine vegne som eigar ovanfor selskapet. Eigarrepresentanten deltek på møter i dei operative eigarorgana i selskapa og utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser i tråd med føringar gjeve av det politiske fleirtal.

Vidare følgjer det av kapittel 2.4.2 Kort om eigarorganet i eit selskap at «*Eigarorganet er det øvste mynde i eit selskap. For aksjeselskap er dette generalforsamlingar, medan det i interkommunale selskap er representantskapet. Eigarorganet har ein alminneleg instruks- og omgjeringsrett overfor styret. Det er såleis gjennom eigarorganet at eigarane har moglegheit til å påverke styringa av selskapet. ... **Den som er valt som utsending til generalforsamlingane for selskapet møter også på de meir uformelle «eigarmøta», eventuelt supplert med ein representant frå administrasjonen. På eigarmøte kan det ikkje gjerast vedtak som bind styret***». (mi utheving)

Som eit ledd i kommunikasjon mellom eigar og selskap har fylkestinget bede selskapa om å sende innkalling til generalforsamling, representantskapsmøte og føretakstmøte til fylkeskommunen sin eigarutsending og administrasjonen, sjå kapitel 1.8.3 i eigarmeldinga.

Endeleg følgjer det av kapittel 3.5 at:

«For selskap der fylkeskommunen sin eigarposisjon er betydeleg og der situasjonen tilseier det, er det rutine at fylkestinget oppmodar om at protokoll frå styremøte i selskap vert sendt over til fylkeskommunen. Fylkesrådmannen har bede dei selskapa det gjeld, innarbeide dette som fast rutine».

Fylkeskommunen har imidlertid ikkje høve til å instruere selskapa om å sende over slik protokoll, og ein slik avtale vil måtte bygge på selskapet sin aksept. Eit moment som ofte ligg til grunn for at fylkeskommunen ber om dette, er at andre aksjonærar er direkte representert i styra. Tanken er at slik oversending vil sikre likehandsamingsprinsippet av aksjonærane når ein aksjonær er offentlig mynde som ikkje sjølv sit i styret.

Praksis

Utover det som er trekt fram her, er ikkje det omtala nærare retningslinjer for eigaroppfølging utanfor generalforsamlinga i eigarmeldinga. Praksis har vore at dersom eigarutsending eller administrasjonen i fylkeskommunen har motteke informasjon frå selskapet, der selskapet gjerne også ber om innspel fram mot ei sak som skal opp i generalforsamlinga, har det vore gjennomført meir uformelle kontaktmøte. Formålet med slike kontaktmøte har mellom anna vore å klargjere faktum slik at fylkeskommunen kan gjere seg opp ei meining om korleis eigarutøving skal skje i generalforsamlinga. I tilfelle der fylkeskommunen er majoritetseigar og stemmefordelinga i generalforsamlinga er tilsvarande, kan slike kontaktmøta ha eit mål om å komme fram til ei løysing som både tenar selskapet og eigar sine interesser. Føresetnaden er at fylkeskommunen ikkje utøver eigarskapen sin slik at andre aksjonærar sine rettar eller økonomiske interesser påverkast negativt.

Rettsleg

Selskapslovgjevinga sitt utgangpunkt er at aksjonærar utøver eigarskap gjennom generalforsamlinga. Generalforsamlinga kan treffe vedtak i alle saker som gjeld selskapet, med mindre lova legg mynde til å fatte avgjerd til andre organ (t.d. bedriftsforsamlinga i selskap som har slik).

Det ligg også i generalforsamlinga si stilling som selskapet si øvste mynde at den kan instruere andre selskapsorgan, gjere om deira avgjerder eller direkte treffe vedtak i andre selskapsorgan sine saker med mindre lova eksplisitt tek frå generalforsamlinga dette mynde.

Som utgangpunkt må instruksjon av styret eller enkelte styremedlem skje gjennom fleirtalsvedtak i generalforsamlinga. Utover generalforsamlinga er aksjonærar si eigarutøving ikkje eksplisitt lovregulert.

Norsk anbefaling for eigarstyring og selskapsleiing

Målgruppa for i «Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse» sine anbefalingar er selskap som er notert på regulert marknad i Noreg. Anbefalingane kan likevel i stor grad ha overføringsverdi for andre selskap. Formålet er å gje anbefalingar om eigarstyring og selskapsleiing som klargjer rolledeling mellom aksjeeigar, styre og daglig leiing utover det som følgjer av lovgjevinga. Anbefalingane er gjeve av Norsk utval for eierstyring og selskapsledelse (NUES) og har representantar frå ulike interessegrupper for eigarar, utskivarar av aksjar og Oslo Børs.

NUES si 13. anbefaling handlar om informasjon og kommunikasjon og her står det:

«Styret bør fastsette retningslinjer for selskapets kontakt med aksjeeiere utenfor generalforsamlingen.

Kommentar:

I tillegg til dialogen med eierne i generalforsamlingen bør styret legge til rette for at aksjeeiere kan kommunisere med selskapet også utenfor generalforsamlingen. Dette vil øke styrets kunnskap om løpende forhold vedrørende selskapet som aksjeeiere er særlig opptatt av. Det bør fremgå av retningslinjene i hvilken grad styret har delegert slike oppgaver til styreleder, daglig leder eller andre i den daglige ledelsen.»

Anbefalinga til NUES er kommunikasjonen skal regulerast i retningslinjer fastsett av styret. Dette meiner eg likevel ikkje er til hinder for at fylkeskommunen kan lage egne retningslinjer som gjeld eigarutøving mellom generalforsamlingar. Dersom eit styre har vedteke egne retningslinjer for slik kommunikasjon, må fylkeskommunen som eigar ta omsyn til desse ved utøving av eigarrolla.

Eigarkontroll påverkast ut frå ulike eigardelar

I kva grad fylkeskommunen som aksjonær i eit selskap kan påverke styringa av selskapet, vil i utgangspunktet avhenge av storleiken på eigardelen, men også korleis stemmefordelinga i ei generalforsamling er etter selskapet sine vedtekter/ev. aksjonæravtalar.

I regjeringa sin eigarpolitikk 2015 heiter det^{iv}:

«I heleide selskaper kan eier, gjennom vedtak på generalforsamlingen, pålegge selskapet forpliktelser.

Når staten eier et selskap sammen med andre legger aksjelovgivningen begrensninger på hva slags type beslutninger generalforsamlingen kan fatte, jf. aksjeloven/ allmenn-aksjeloven § 5–21 om misbruk av generalforsamlingens myndighet. ... I utgangspunktet er det derfor klare grenser for hvilke politiske mål som kan ivaretas gjennom eierstyring i deleide selskaper.

Avhengig av størrelsen på statens eierandel i selskaper kan likevel en rekke mål ivaretas. Følgende eierandelsgrenser er sentrale i aksjelovgivningen:

9/10

En eierandel på over ni tideler av aksjekapitalen og en tilsvarende andel av stemmene i et aksjeselskap gir vedkommende majoritetsaksjonær muligheten til å tvangsutløse øvrige aksjeeiere i selskapet.

2/3

En eierandel på over to tredjedeler av aksjekapitalen og en tilsvarende andel av stemmene i et aksjeselskap gir kontroll over beslutninger som krever tilsvarende flertall i henhold til aksjelovgivningen. Vedtak om endring av et selskaps vedtekter forutsetter minst to tredjedeler av stemmene og aksjekapitalen. Det samme gjelder beslutninger om fusjon eller fisjon, vedtak om forhøyelse og nedsettelse av aksjekapitalen, opptak av konvertible lån og vedtak om omdanning og oppløsning.

1/2

En eierandel på over halvparten av aksjekapitalen i et aksjeselskap gir kontroll med beslutninger som krever alminnelig flertall av de avgitte stemmene på generalforsamling. Dette er beslutninger som godkjenning av årsregnskap og vedtak om utdeling av utbytte. Valg av medlemmer til styret og bedriftsforsamling krever også alminnelig flertall. Styret velges imidlertid av bedriftsforsamlingen dersom et slikt organ er etablert.

1/3

En eierandel på over en tredjedel av aksjekapitalen og en tilsvarende andel av stemmene i et aksjeselskap gir negativ kontroll med beslutninger som krever to tredjedelers flertall. En slik eierandel betyr at eier kan motsette seg vesentlige beslutninger som for eksempel flytting av hovedkontor, endring av aksjekapitalen, vedtektsendring mv., jf. avsnittet om to tredjedelers flertall.»

Det regjeringa i tredje avsnitt viser til av politiske mål som kan «ivaretas gjennom eierstyring i deleide selskaper», er m.a. forventningar til utbytte, samfunnsansvar, leiarpolitikk, mm.

^{iv} Regjeringens eierpolitikk 2015, side 22 og 23.

Når eigarkontroll ut frå eigardelen sin storleik vert trekt fram i denne samanheng, har det noko med kva forventningar fylkeskommunen som eigar kan ha til moglegheiter for påverknad utanfor generalforsamlinga. I selskap der vi eig mindre aksjepostar med tilsvarande stemmedel i generalforsamlinga er instruksjonsmynde i generalforsamlinga i utgangspunktet liten. Dette vil også reflekter dialogen utanfor selskapet. Så lenge fylkeskommunen sine forventningar til selskapet er i samsvar med selskapet og andre aksjonærar sine interesser, har det lite å seie. Eg vil understreke at målet for fylkeskommunen må vere å dra i same retning som selskapet og andre aksjonærar, men ikkje til ein kvar pris. I slike tilfelle må fylkeskommunen alternativt vurdere om det er meir hensiktsmessig for både fylkeskommunen og selskapet, å avvikle eigarskapen i selskapet.

Oppsummering og vurdering

Mi tilråding er å konkretisere retningslinjer for fylkeskommunal eigardialog i eigarmeldinga. Eigartøving skal primært skje på generalforsamlinga. Fylkeskommunen brukar vidare kvartalsresultat og årsmeldingar, annen offentleg tilgjengeleg informasjon, generalforsamling og eigardialogen for å få relevant informasjon om selskapet. Fylkeskommunen bør utover dette, og innanfor selskapslovgjevinga kunne ha møte/kontakt med selskapet si leiing og styre som ein del av eigaroppfølginga. I desse møta kan fylkeskommunen, som andre aksjeeigarar, ta opp høve som selskapa bør vurdere i tilknytning til si verksemd og utvikling. Kontakten kan dreie seg om problemstillingar knytt til samfunnsansvar, forventa utbytte, konkrete krav om tiltak for å betre lønnsemd, sosiale høve, kompetanse, konkurranse, kapitalbehov og selskapet sine egne moglegheiter for å hente kapital, mm.. Utgangspunktet for kontakten bør kunne vere eigarane sine mål med eigarskapet og forventningar til selskapet. Eigar må vidare kunne følgje opp om leiinga i selskapet handlar i tråd med deira interesser. Endeleg kan eigar krevje at selskapet melder attende på dei høve som er blitt teke opp med selskapet og om korleis selskapet styrast.

Det kan vere hensiktsmessig at vi som eigar går i dialog med styret med formål å formulere eit tydeleg eigarmål for eigarskapen i selskapet. Her kan det stillast klare krav til selskapet, ut i frå selskapet sin eigenart, marknad og risiko. Behovet for slik dialog må avgjerast konkret for kvart enkelt selskap.

Eigardialogen må tilpassast kvart selskap, slik at den er mest mogleg relevant ut frå selskapet sin eigenart, risiko og verksemd.

Styret er nærast til å vurdere korleis fylkeskommunen sine forventningar best kan følgjast opp og korleis det kan rapporterast på ein hensiktsmessig måte. Fylkeskommunen må kunne legge til grunn at selskapa rapporterer på vesentlege høve og at dersom selskapa avviker fylkeskommunen sine forventningar, som det kan vere gode grunnar for, forventast det at dei forklarar dette (følg eller forklar»-prinsippet.

Samspelet mellom eigar, styre og leiing i eit selskap er viktig. Dersom desse ikkje er samde om retninga verksemda skal velje, og heller ikkje om kva forventningar partane har til måloppnåing, kan dette stille selskapet i ein uheldig posisjon.

Særleg om omsynet til likehandsaming av aksjeeigarar

Fylkeskommunen si eigartøving skal utøvast lojalt mot prinsippet om likehandsaming av aksjonærar. I selskap der fylkeskommunen er aksjonær saman med andre, bør fylkeskommunen søke å opptre med same rettar og plikter som einkvan annan aksjonær. Dette prinsippet bør likevel ikkje vere til hinder for at fylkeskommunen, som andre eigarar kan kommunisere sine synspunkt på utviklingsretninga for selskapa. Dette er tvert i mot ei viktig eigaroppgåve; å vere ein tydeleg eigar som set selskapet si verdiskaping i fokus.

Mi tilråding er at det vert teke inn eit nytt punkt i kapittel 2.6 om retningslinjer for eigardialog. Framlegg til nytt punkt er teke inn i eigarmeldinga punkt 2.6.2.

Opplæring av eigarrepresentantar

«Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge til rette for opplæring og styrka kompetanse for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap.»

Eigarmelding 2015 kapittel 3.3

I punkt 3.3. av eigarmeldinga har fylkestinget vedteke at fylkestingsmedlemmane skal ha opplæring i eigartøving; eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigartøving. Den første opplæringa skal skje innan 6 månader etter fylkestingvalet. Etter 2 år skal det haldast eit oppfriskingsseminar. Fylkestinget har sett râmene for innhaldet i opplæringa:

«Det er viktig at dei folkevalde har kompetanse knytt til regelverket for eigarstyring og kva styringsmoglegheiter dei har for dei selskap fylkeskommunen har eigardelar i. Dei folkevalde må få innsikt i ulike roller som folkevald, styremedlem og representant i eigarorganet til selskapet. Det er behov for at dei folkevalde er bevisst dei ulike rollene, styringslinene og ansvarsfordelinga mellom dei ulike organa for å kunne utøve best mogleg aktivt eigarskap. Opplæringa vil klargjere korleis eigarkommunikasjon til eigarorganet i selskapet skal skje. Tidspunktet for opplæring vert bestemt av fylkesutvalet.»

Fylkesrådmannen legg til rette for opplæringa i tråd med fylkestinget si vedtekne rutine i dette punktet.

Denne planen for opplæring vart første vedteke i eigarmelding 2013. For å sikre at dei folkevalde i den førre valperioden fekk opplæring, vart det laga eit tilpassa opplegg i september 2014 med føredragshaldarar frå KS Bedrift.

På politikardagen i mai i år fekk det noverande fylkestinget sine medlemmer opplæring i tråd med den vedtekne opplæringsplanen. Her vart eigaroppfølgingsrutinar for fylkeskommunen presentert av administrasjonen, og det var leigd inn ein føredragshaldar frå KS som heldt opplæring i rolla som eigar og kva dette innebere.

Det er første gong at planen vert sett ut i praksis og det er hensiktsmessig å vente med å gjere endringar til ein kan evaluere det opplegget fylkestinget i utgangpunktet har lagt opp til. Det er naturleg at fylkesrådmannen i forkant av oppfriskingsseminaret som etter planen skal gjennomførast vinteren 2018, legg fram eit notat med forslag til tema på eit slikt seminar for fylkesutvalet med tanke på å få innspel på kva tema som er ynskjeleg.

Eigarmeldinga vert årleg oppdatert, også med tanke på å oppdatere eigarpolitikken til fylkeskommunen slik at den er i tråd med til ei kvar tid gjeldande lover og reglar, anbefalingar for god eigarstyring og politiske signal. Eigarmeldinga tenar såleis som eit godt oppslagsverk for den enkelte fylkestingsmedlem når det gjeld retningslinjer for eigarutøving, og bidreg på den måten til å styrke kompetansen hjå eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap.

Eg tilrår difor at det ikkje vert gjort endringar i det fylkestinget allereie har vedteke om opplæring og styrking av kompetanse for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap.

Miljøkrav og rapportering i FT-sak 58/15 Rullering av handlingsprogram for klima og miljø 2016-2017

1. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram for klima og miljø 2016 – 2017 med slike tillegg:

A. Fylkeskommunen skal stille klimakrav til bedrifter vi eig i, handlar med eller investerer i. Bedrifter vi eig i skal rapportere på klima- og miljøverknader i eigarmeldinga. Fylkesutvalet får i oppgåve å avgjere korleis dette skal konkretiserast.

Denne saksframstillinga avgrensar seg til den delen av fylkestinget sitt vedtak som gjeld bedrifter vi eig i.

Eg oppfattar at fylkestinget sitt vedtak i sak 58/15 er todelt. For det første ynskjer fylkestinget at det skal stillast klimakrav til bedrifter vi eig i. For det andre ynskjer fylkestinget at selskapa skal rapportere på klima- og miljøverknader i eigarmeldinga. Eg oppfattar at rapporteringa også må kunne omfatte dei klimakrav som vi stiller ovanfor ei bedrift vi eig i.

Fylkestinget har i utgangpunktet gjeve fylkesutvalet i oppgåve å avgjere korleis dette skal konkretiserast. Eg har likevel funne det hensiktsmessig å implementere eventuelle krav vi skal stille til selskap vi eig i, i eigarmeldinga. Fylkestinget får difor saka til handsaming.

Generelt vil eg vise til vurderinga som er gjort ovanfor når det gjeld kommunikasjon mellom eigar og selskap utanfor møte i utøvande eigarorganet til selskapet. Det som er gjort greie for der spelar inn i vurderinga av kva klimakrav og rapporteringskrav fylkeskommunen kan stille ovanfor selskap vi eig i.

I mi tilråding til endring i eigarmeldinga, er det generelle utgangpunktet at kva klimakrav som skal stillast ovanfor eit selskap må bygge ei konkret vurdering i høve kvart enkelt selskap. Vurderinga må ta utgangspunkt i verksemda sin eigenart, marknaden selskapet opererer i og kva miljø-

teknologi som er tilgjengeleg, mm. Eg finn det difor ikkje hensiktsmessig å utarbeide konkrete klimakrav i eigarmeldinga. Slik formuleringa er tilrådd, vil fylkeskommunen, når den skal gå inn som eigar i eit nytt selskap, vurdere kva klimakrav som skal stillast til selskapet.

For selskap vi vurderer å gå inn i, er det eit moment i vurderinga kor stor eigardel det er tale om å gå inn i. Der vi planlegg å gå inn i ein aksjepost som representerer 2/3 av stemmene i generalforsamlinga, vil fylkeskommunen ha gode moglegheiter for å stille klima- og miljøkrav. For eksisterande selskap er storleiken på eigarposten på tilsvarande vis avgjerande mtp. på kva krav som er mogleg å stille.

I tillegg har eg valt å oppdatere punktet om samfunnsansvar i selskapa, punkt 1.8. Her står det allereie at fylkeskommunen føreset at selskapa – i nødvendig grad – konkretiserer samfunnsansvar gjennom at selskapa mellom anna medverkar til ei utvikling som tener eit bærekraftig miljø og langsiktige og arbeider systematisk og trygt med helse, miljø og tryggleik. Forventningar til at selskapet tek omsyn til miljø og klimaendringar er tydeleggjort.

Eg har i den samanheng også tilrådd at fylkeskommunen konkretiserer tre andre tematiske kjerneområde innan samfunnsansvar i tillegg til klima og miljø: menneskerettar, arbeidstakarrettar og antikorrupsjon.

Bakgrunnen for dette er å få den fylkeskommunale eigarpolitikken i tråd med regjeringa sin eigarpolitikk 2015 som har konkretisert forventningar nettopp desse fire kjerneområda innan kategorien samfunnsansvar. Det er naturleg å framheve også desse tre kjerneområda når klima og miljø først skal framhevast særskilt i eigarmeldinga.

Endeleg har eg valt å ta inn eit punkt i 1.6 Kriterium for vurderingar av avviking av engasjement i selskap. I tillegg har eg endra kulepunkt 4 i den eksisterande lista slik at også det at selskapet opptre i strid med selskapet sitt samfunnsansvar kan vere eit moment som talar for å avvike eigarengasjementet.

Endeleg har eg supplert lista i punkt 18.1 om samfunnsansvar og etikk hjå selskapa. Her står det allereie at fylkeskommunen føreset at selskapa – i nødvendig grad – konkretiserer samfunnsansvar gjennom at selskapa mellom anna medverkar til ei utvikling som tener eit bærekraftig miljø og langsiktige og arbeider systematisk og trygt med helse, miljø og tryggleik.

Det er naturleg at samfunnsansvar er ein del av kommunikasjonen mellom eigar og selskapet si leiing. Eg viser her til den generelle vurderinga av korleis eigarutøving utanfor generalforsamling bør skje ovanfor.

Rapportering er ein del av den naudsynte kommunikasjonen mellom eigar og selskapet. I FT sitt vedtak i sak 58/15 er det bede om at selskap skal rapportere på klima og miljø. Kommunikasjon og eigarutøving i forma av rapportering er særleg handsama for seg sjølv nedanfor.

Krav om rapportering

Rekneskapslova § 3-3c^v regulerer eit selskap si plikt til å gjere greie for samfunnsansvar. Her skal selskap mellom anna rapportere på kva verksemda gjer for å ta omsyn til det ytre miljø. I første og andre avsnitt heiter det:

«Redegjørelsen skal minst inneholde opplysninger om retningslinjer, prinsipper, prosedyrer og standarder foretaket benytter for å integrere de nevnte hensynene i sine forretningsstrategier, i sin daglige drift og i forholdet til sine interessenter. Foretak som har retningslinjer, prinsipper, prosedyrer og standarder som nevnt skal i tillegg opplyse om hvordan foretaket arbeider for å omsette disse til handling, gi en vurdering av resultatene som er oppnådd som følge av arbeidet med å integrere hensynene som er nevnt i første punktum i sine forretningsstrategier, i sin daglige drift og i forholdet til sine interessenter, og opplyse om forventninger til dette arbeidet framover.

Hvis foretaket ikke har retningslinjer, prinsipper, prosedyrer og standarder som nevnt, skal det opplyses om dette.»

^v Det er oppretta eit rekneskapslovutval som i juni 2016 overleverte sin andre delutgreiing, NOU 2016: 11 Regnskapslovens bestemmelser om årsberetning mv.. Utvalet har foreslått å vidareføre krav til ikkje-finansiell informasjon, t.d. om miljø, likestilling og samfunnsansvar, sjå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/utredning-om-regnskapslovens-bestemmelser-om-arsberetning-mv/id2505883/>

Plikta gjeld for store føretak. Dette er allmennaksjeselskap, børsnoterte føretak og eventuelt andre regnskapspliktige i samsvar med forskrift. Rapporteringa skal skje i selskapet si årsmelding.

Ut over rapporteringsplikta etter rekneskalslova § 3-3c har selskapa ulik tilnærming til rapportering og oppfølging av miljø- og klimakrav. Det er avgrensa kva ein eigar kan krevje av fast og regelmessig rapportering frå eit selskap. Eg viser her til vurderinga ovanfor om eigardialogen. I utgangspunktet er det gjennom eigarorganet at eigarane har høve til å stille krav om slik rapportering. Det er på den andre sida naturleg at eigar kan forvente at ei selskap rapporterer på forventingar som er kommunisert frå eigar til selskapet.

I kva grad fylkeskommunen som aksjonær i eit selskap kan påverke styringa av selskapet, vil i utgangspunktet avhenge av storleiken på eigardelen, men også korleis stemmefordelinga i ei generalforsamling er etter selskapet sine vedtekter/ev. aksjonæravtalar. Dette vil igjen avgjere i kor stor grad fylkeskommunen har moglegheit til å stille krav om rapportering på miljø og klima.

Dersom vi ser på korleis regjeringa utøver sin oppfølging av selskapa sitt samfunnsansvar, skjer dette i hovudsak gjennom eigardialogen i kvartalsmøte og/eller i årlege møte om samfunnsansvar der eigar tydeleggjer sine forventningar og ber om attendemelding frå selskapet etter prinsippet «følg eller forklar». I særlege tilfelle er det aktuelt at staten følgjer opp selskapa ytterlegare. Regjeringa har eksplisitt uttrykt at styret sitt arbeid med samfunnsansvar vil vere ein del av vurdering som gjerast i forbindelse med styreval^{vi}.

Eg finn det ikkje hensiktsmessig å innføre ein rutine der fylkeskommunen skal ha faste, kvartalsvise eller årlege møter med dei ulike selskapa om samfunnsansvar. Heller ikkje at det skal innførast eit generelt krav om fast og regelmessig rapportering på miljø og klima for alle fylkeskommunalt eigde selskap. Samla sett har ikkje selskapsportefølja til fylkeskommunen ein slik samansetning at det forsvarar ressursbruken. Variasjonen i storleiken på eigarpostane i dei ulike selskapa støttar denne vurderinga. Dersom det er konkrete selskap det vert forventa at rapporterer på miljø og klimatiltak utover det som følgjer av rekneskapslova, må dette takast særskilt opp med det aktuelle selskapet i eigardialogen. Som eigar må fylkeskommunen kunne gjere kjent sine synspunkt i selskapet sitt samfunnsansvar.

Mi tilråding er at fylkestinget vedtek eit eige punkt i eigarmeldinga om retningslinjer for når det kan vere aktuelt å forvente rapportering på miljø og klima utover det som selskapa allereie er lovpålagt å rapportere på. I eigarmeldinga er det teke inn eit nytt punkt 2.6. I punkt 2.6.2 har rapportering på samfunnsansvar fått eit eige punkt.

Endringar i del II:

Denne delen vert skriven med grunnlag i årsrekneskap, årsmeldingar, protokollar, rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte, vedtekter, selskapsavtalar og eigaravtalar, slik at omtalen av kvart selskap er så oppdatert som mogleg.

Oppdatering av selskapsinformasjon:

Nye styresamansetningar og andre oppdaterte selskapsopplysningar er teke inn under det enkelte selskap. I Eigarmelding 2015 går det fram av selskapsoversikta kven som er vald eigarutsending, samt kven som møtte på ordinær generalforsamling/ føretaksmøte/ representantskapsmøte.

Punkt 7 om interkommunale samarbeid

Oversikta er oppdatert med fleire interkommunale samarbeid og vertskommunesamarbeid som fylkeskommunen deltek i.

Punkt 10 om selskapskontrollar

Oversikta er oppdatert i samsvar med vedtekne planar.

7. Konklusjon

Eg tilrår at fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I samt omtalane og vurderingane av selskapa og stiftingane i del I.

^{vi} Pkt. 5.3.3.1 og 5.3.3.6 i Regjeringens eierpolitikk 2015.